Information about the exam

UNIVERSITETET I OSLO

Institutt for litteratur, områdestudium og europeiske språk
Skriftleg eksamen
Haust 2019
RUS1501 – Russisk politikk, kultur og samfunn

Eksamen består av to delar. I del 1 (essay-delen) vel du **ei** av oppgåvene. I del 2 (kortsvarsoppgåver) skal du svare på alle fire spørsmål.

Du kan svare på norsk, svensk, dansk eller engelsk.

Det er autolagring kvart 15. sekund. Du kan når som helst navigere mellom dei ulike oppgåvene, men kvar oppgåve må svarast på under riktig oppgåvenummer.

Ingen hjelpemiddel er tillatne.

For val av målform (bokmål/nynorsk/engelsk) og/eller språk: Bruk menyen oppe i høgre hjørne.

Lukke til!

1

Part 1: Essay

Vel ei av følgjande to langsvarsoppgåver:

1. I 1990-åra gjekk Russland gjennom ein turbulent periode med oppløysinga av parlamentet (Folkekongressen) og vedtak av ei ny Grunnlov (desember 1993). Drøft korleis dette sette sitt preg på Russland si politiske utvikling fram mot 2000. Korleis vil du sei at maktfordelinga fungerer i dagens Russland?

2. Kva er årsakene til at forholdet til Vesten er problematisk for Russland? Gje nokre døme frå historia og/eller utanrikspolitikken etter 1991.

Skriv svaret ditt her...

Format

Words: 0

Maks poeng: 0

2

Part 2: Short questions

Svar på alle fire spørsmål (mellom 5 og 10 setningar):

1. Gje ei oversikt over korleis Lukasjenko konsoliderte makta i Kviterussland (1994-2000).

2. Kva meinast med Putins «maktvertikal»?

3. Kva var «sjokkterapien» og kva for konsekvensar fikk den?

4. Forklar korleis Peter den Stores reformer ramma den ortodokse kyrkja.

Skriv svaret ditt her...

Format

Words: 0

Maks poeng: 0